



Jon Runar Harrison
Øyna 17
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1794 - 16/19700

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.07.2016

Vurdering av søknad om dispensasjon gbnr 212/81 Eikanger øvre

Vi viser til dykkar søknad motteke 25.04.16. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av garasje på eigedom gbnr. 212/81. Det er opplyst at garasjen vil vere på inntil 50 m² bygd areal (BYA). Utnyttingsgrad er opplyst til 20% BYA etter gjennomført tiltak.

VURDERING


Eigedommen dykkar er omfatta av følgjande plan - Øyne/planid.: 1263-197901. Planen har ikkje talfesta grad av utnytting og oppfyller ikkje krav til reguleringsplan som går fram av planjuss 01/2012. Kommunen si praksis i slike høve er at overordna plan for området vert lagt til grunn. Området eigedommen dykkar ligg i er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til bustadføremaal. Det ligg byggegrense mot sjø med omsyn til eigedommen dykkar. Eigedommen er frå før bebygd med bustadhus, og evt. oppføring av garasje på eigedommen kjem, slik vi vurderer det inn under KPA punkt 2.14 (samla bygd areal (BYA) på inntil 20% og maks bruksareal (BRA) på inntil 400 m²). Tiltaket krev ikkje dispensasjon,

Til orientering

Følgjande vilkår skal vere oppfylt for at tiltaket er unnateke søknadsplykt etter etter plan- og bygningslova § 20-5 jf. byggesaksforskrifta § 4-1, 1.ledd bokstav a:

1. Frittliggjande bygg som ikkje skal brukast til beboelse.
2. Korkje samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) er over 50 m².
3. Mønehøgde frå gjennomsnittleg planert terreng skal ikkje vere høgare enn 4 meter.
4. Gesimshøgde frå gjennomsnittleg planert terreng skal ikkje vere høgare enn 3 meter.
5. Bygget skal kun ha 1 etasje og skal ikkje underbygges med kjellar.
6. Bygget er plassert minst 1 meter frå nabogrense og minst 1 meter frå anna bygging på eigedommen.
7. Bygget kan ikkje plasserast over leidningar i grunnen.





Kartutsnitt av dykkar eigedom som syner leidningar i grunnen. Plassering av tiltak over leidningsnett i grunnen utløyser søknadsplikt.

Ved oppføring av tiltak som er unnateke søknadsplikt etter pbl § 20-5 skal det, når tiltaket er ferdigstilt, meldast inn til kommunen, jf. SAK § 4-1, 3.ledd. Blankett for innmelding til kommunen finn de på følgjande lenke: http://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5188-melding-om-bygning-eller-tilbygg-som-er-unntatt-soknadsplikt.pdf

Som tiltakshavar vil de vere ansvarleg for at tiltak utføres i samsvar med dei krav som elles følgjer av reglar gjeve i eller i medhald av lov. Tiltak kan ikkje settjast i gong før det er gjeve naudsynt løyve eller samtykke frå andre mynde.

Om vi ikkje høyrer frå dykk innan 01.08.16 vert saka avslutta.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jon Runar Harrison

Øyna 17

5993

OSTEREIDET